



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2858 - 16/29282

Saksbehandlar:  
Tommy Veland  
TVE@lindas.kommune.no

Dato:  
21.10.2016

## Oversending av klagesak til endeleg handsaming gbnr 58/54 på Lygre

### Saka gjeld:

Det vart meldt inn feil/mangel i kartet på nausttomten på G.nr.58 B.nr. 54 på Lygra i Lindås kommune, av ny eigar av eigedomen Jan Nesse som hadde kjøpt hytte og naust på Lygra 07.07.2016. Hytta og naustet har same G.nr/B.nr., men er på to ulike teigar. Grenselinjene i området er konstruert etter Økonomisk kartverk 1:5000, og grenselinjene på naustet mangla.

Lindås kommune mottok skylddeling og skøyte på eigedomen av Jan Nesse, som beskriv teigane for hytta og naustet. På dette grunnlaget vart nausttomten teikna inn i kartet etter skylddelinga. Brev om ajourføring av matrikkelen vart sendt til involverte partar på vanleg måte den 12.09.2016.

Lindås kommune har motteke klage på ajourføring av matrikkelen frå eigar av hovudbruket G.nr.58 B.nr. 10 Tom Sindre Køhne i brev av 19.09.2016, Lindås kommune har 05.10.2016 svart på brevet og begrunna rettinga i matrikkelen med den naudsynte dokumentasjon og varsling.

Tom Sindre Køhne i brev, motteke Lindås kommune 13.10.2016, har bedt om å få saka vurdert av Fylkesmannen i Hordaland.

### **Vurdering:**

På bakgrunn av skylddeling frå 09.08.1969, skøyte datert 03.07.1970 og godkjent byggesøknad for naust datert 22.08.1979, meiner Lindås kommune at denne teigen er lovleg oppretta i matrikkelen med G.nr.58 B.nr.54.

Byggeløyvet på naustet frå 22.08.1979, er søkt om på G.nr.58 B.nr.54. I kartskissa med same handsamingsdato, er det brukt skjema om frådelling av eigedom, men dette skjemaet vart brukt i byggesaksamanheng pga. rutenett, og vart her brukt som eit vedlegg til søknaden.

Det er presisert i brev frå Lindås kommune at teigen er teikna inn i kartet, men innmåling av grensemerker krev søknad om grensegang og innmåling.



Lindås kommune vurderer innkomne dokument som godt nok grunnlag for å oppretta denne teigen i matrikkelen. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar Geodata

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Byggeløyve

Kartskisse med naust

Klage frå Bjørg Høgheim

Skjøte

Skyldeling

Svar på klage

Teikning naust

Svar til Tom Sindre Kønne

Vedk ajourføring i matrikkelen for gbnr 58-54 Solheim av Lygra Indre

Svar på brev vedk ajourføring i matrikkelen - gbnr 58-54 Lygre indre

<http://a3.nordhordlandskart.no//share/61cf7bb39493>

**Kopi til:**

Tom Sindre Kønne

Lurevegen 1422 5912

SEIM

Vedlegg

Brev frå Brev frå Tom Sindre Kønne

Svar frå Lindås kommune

Brev frå Tom Sindre Kønne

Skyldskifte

Skjøte

Byggeløyve naust m/kartskisse

Teikning naust

Klage frå Bjørg Høgheim

Svar på klage til Bjørg Høgheim

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen